



Barnehagane og grunnskulen i Meland

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/2930 - 17/25069

Saksbehandlar:

Reidun Elin Johannessen

reidun.elin.johannessen@meland.kommune.no

19.12.2017

Forskrift om ferie og fridagar i skule og barnehage 2018-2019

Opplæringslova §2-2 og forskrift til opplæringslova §1-6 gir rammer for omfanget av opplæringa og dagleg skuletid. Forskrifta skal vera tilpassa avviklinga av nasjonale prøvar. Opplæringa skal strekkje seg over minst 38 skuleveker innanfor ei ramme på 45 samanhengande veker i skuleåret. Undervisninga skal i regelen ikkje ta til før kl.08.00 eller slutta etter kl.15.30. Undervisninga kan organiserast i undervisningsblokker av ulik lengd. I tillegg til elevane sine skuledagar kjem ei ramme på 6 planleggingsdagar for pedagogisk personale. Barnehagane og SFO skal setja av 5 dagar til planlegging og samarbeid for personalet.

Vedtak om skule- og barnehagerute er delegert rådmannen. Vedteken skule- og barnehagerute for skuleåret 2018-2019 bygger i hovudsak på skule- og barnehagerute for Bergen kommune. Den vedteke skuleruta for Bergen kommune er drøfta i styret for Nordhordland kompetanseregion. Styret er semje om ei målsetting om å ha ei tilnærma felles skule- og barnehagerute i regionen.

Planleggingsdagar i skule

Alle grøne dagar kan nyttast til planlegging for personale i skule. Dagane kan nyttast til felles kompetanseheving på skulane, i kommunen og i regionen. Kommunane i Nordhordland Kompetanseregion har 2 felles planleggingsdagar som kan nyttast til felles kurs/etterutdanning (9. november og 1. februar). Skulane avgjer sjølv etter lokale drøftingar, plassering av dei 4 andre planleggingsdagane.

Høyringsinnspel

Innan høyringsfristen 19.12.2017 kom det ikkje innspel.

Med helsing

Reidun Elin Johannessen
skulefagleg rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Vedlegg:

Ferie og fridager for skular, barnehage og SFO 2018-2019 vedteken

Mottakere:

Barnehagane og grunnskulen i
Meland